



DC Halsvik Aggregates AS  
Eikemovegen 3  
5994 VIKANES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

og

Wergeland Gruppa AS  
Gulafjordvegen 75  
5960 DALSØYRA

## Rapport frå samtidig inspeksjon ved DC Halsvik Aggregates AS og Wergeland Gruppa AS 4. oktober 2023

Kontrollnummer: 2023.241.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå DC Halsvik Aggregates AS:  
Christophe Daulemerie, adm.dir.  
Anette Bang-Andreasen, leiar HMSK  
Trond Sleire, anleggsleiar

Frå Statsforvaltaren i Vestland:  
Mari Katrine Berg-Arnesen  
Gøsta Hagenlund

Frå Wergeland Gruppa AS:  
Trygve Wergeland, konsernleiar  
Jan Olav Eidsnes

Frå Gulen kommune:  
Grethe Elin Mjelde  
Stefan Karlstrøm

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå samtidig inspeksjon ved DC Halsvik Aggregates AS (DC Halsvik) og Wergeland Gruppa AS (Wergeland) 4. oktober 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 3 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen. Sjå fullstendig avvikstekst på neste side.

**Avvik:**

1. DC Halsvik har ikkje sendt inn årleg miljørapport til Statsforvaltaren, og det er ikkje gitt tilstrekkeleg informasjon til ålmenta
2. DC Halsvik har ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon på utslepp til støv
3. Verksemda har manglar med internkontrollarbeidet sitt

**Merknader:**

1. Det går uforholdsmessig lang tid mellom målt støv og tilgang på måledata

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Mari Katrine Berg-Arnesen  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Gulen kommune

Eivindvikvegen 1119

5966

Eivindvik



## 1. Informasjon om dei kontrollerte verksemdene

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> DC Halsvik Aggregates AS	
<b>Org.nr.:</b> 977 21 7067	<b>Eigd av:</b> 977 21 3630
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 08.120 – Utvinning frå grus- og sandtak, og utvinning av leire og kaolin	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> DC Halsvik Aggregates, Sløvåg	<b>Anleggsnr.:</b> 4635.0005.01
<b>Kommune:</b> Gulen	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Mineralsk industri, unntatt pukkverk	
<b>Løyve etter forureiningslova gitt:</b> 17.06.1994	<b>Sist endra:</b> 19.10.2017

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> Wergeland Gruppa AS	
<b>Org.nr.:</b> 972 141 844	<b>Eigd av:</b> 923 265 600
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 52.221 Drift av havne- og kaianlegg	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Wergeland Gruppa AS	
<b>Kommune:</b> Gulen	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Løyve etter plan- og bygningslova gitt:</b> 4. mai 2023	
<b>Avslag etter plan- og bygningslova gitt:</b> 20. juni 2023	
<b>Plan-ID reguleringsplan:</b> 2013001 og 2013003	

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år. Tilsynet vart òg gjennomført for å kontrollere tilhøva knytt til klagane som er kome inn i samband med planeringsarbeid for Wergeland Gruppa.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i plan- og bygningslova § 25-4 bokstav a), forskrift om miljøretta helsevern § 4, forureiningslova § 48 og internkontrollforskrifta § 7.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft
- Prosess og reinseutstyr
- Støy



Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Den gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

## 3. Oppfølging etter inspeksjonen

DC Halsvik pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **1. februar** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

## 4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til DC Halsvik 19. september 2023. Verksemdar må betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må DC Halsvik Aggregates AS betale eit gebyr på kr 37 400 for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet sender faktura. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.



## 5. Avvik

### Avvik 1: DC Halsvik har ikkje sendt inn årleg miljørapport til Statsforvaltaren, og det er ikkje gitt tilstrekkeleg informasjon til ålmenta

#### Avvik frå:

- løyve av 18.10.1996 om Informasjon til Fylkesmannen
  - o punkt 10.1
  - o punkt 2.3

#### Kommentarar til regelverket

Verksemnda skal informere Statsforvaltaren skriftleg om alle miljøtilhøve som kan ha noko å seie for ytre miljø. Dette skal gjerast årleg, innan utgangen av mars. I vedlegg 3 til løyvet er det omtalt kva som skal vere med i årsrapporten.

Verksemnda skal òg informere ålmenta, minst årleg, om resultat frå overvaking av utslepp til vatn og luft. Frå løyvet går det vidare fram at det skal leggast særleg vekt på informasjon til nærmiljø, der individuell varsling, møte eller annan direkte kontakt må vurderast.

Aktivitet som mellombels kan føre til støy eller støv til omgjevnadane høgare enn normalt, skal meldast til Statsforvaltaren. Ved unormale driftsforhold eller anna grunn til auka forureining, har verksemnda ei plikt til å setje i verk naudsynte tiltak for å fjerne eller redusere faren. Verksemnda skal gje ei oppsummering av kva som har skjedd og kva som er gjort for å hindre eller redusere negativ verknad. Denne informasjonen skal gjerast kjend for nabolaget og Statsforvaltaren.

#### Observasjonar

Verksemnda har ikkje levert årleg miljørapport i samsvar med løyvet, og kan ikkje dokumentere at dei har informert ålmenta om resultat frå overvaking av utslepp. I den einskilde saka knytt til oppdraget for Wergeland har det heller ikkje blitt lagt særleg vekt på informasjon til nærmiljø, og verksemnda kan ikkje dokumentere at individuell varsling, møte eller annan direkte kontakt er vurdert. Statsforvaltaren vart ikkje varsla i forkant av det planlagde arbeidet.

### Avvik 2: DC Halsvik har ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon på utslepp til støv

#### Avvik frå:

- punkt 4.2 og 4.3 i løyve av 18.10.1996 om grenseverdi og måleprogram for utslepp av støv

#### Kommentarar til regelverket

DC Halsvik har ei grense på 5 g/m<sup>2</sup> per 30 dagar på mineralsk nedfallsstøv frå produksjonen. Denne er knytt opp mot næraste eller mest utsette naboegedom. Definisjonen av nabo går ikkje eksplisitt fram av løyvet. Frå kravstilling i forureiningsforskrifta kap. 30, som det er naturleg å skjjele til, er nabo definert om omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstruksjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar.

Målingane må halde fram til det er dokumentert at verdiane ligg stabilt under grenseverdien.



## Observasjonar

DC Halsvik har eit måleprogram med tre ulike målepunkt, definert som 1. Lastelinje Kellve, 2. Utsiktspunkt, og 3. Toppen av adkomstvei. Alle desse punkta har ved eit eller fleire høve det siste året motteke meir enn 5 g/m<sup>2</sup> per 30 dagar mineralsk nedfallsstøv. Samtidig representerer er ingen av desse punkta næraste eller mest utsette nabo, og verksemda kan difor ikkje vise at dei overhelder krava i løyvet.

Wergeland har gjennomført støvmåling ved to ulike punkt i samband med klagane som er kome den siste perioden. Målepunkta er definert som 1. Rørgate, og 2. Halsvik. Verksemda har vurdert at punkt 2. Halsvik representerer næraste eller mest utsette nabo. Måleperioden er frå 8 august til 8. september 2023, og verdiane her er under 5 g/m<sup>2</sup>.

## Avvik 3: Verksemda har manglar med internkontrollarbeidet sitt

### Avvik frå:

- internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7
- internkontrollforskrifta § 6

### Kommentarar til regelverket

#### *Risikovurderingar for ytre miljø*

Verksemder må kartlegge og vurdere risiko for forureining av ytre miljø frå si daglege drift, og anna prosjektbasert verksemd. Vurderinga skal innehalde planar og tiltak for å redusere risikoen, og må dokumenterast skriftleg.

#### *Rutinar og avvikshandtering*

Det må settast i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av lov. Rutinane skal dokumenterast skriftleg.

#### *Samordning av internkontroll for å hindre brot på miljølovgivinga*

Når fleire verksemder utøver arbeid på same arbeidsplass, skal dei om naudsynt ha ein skriftleg avtale på kven som har ansvaret for å samordne internkontrollen for felles aktivitetar eller område.

## Observasjonar

I samband med klagar på arbeidet i Sløvåg har det vore vanskeleg for Statsforvaltaren og kommunen å få tak i de ansvarlege.

DC Halsvik og Wergeland har ein skriftleg avtale på arbeidet som går føre seg i samband med planeringsarbeidet på gnr./bnr. 63/15. Avtalen inneheld ikkje avklaring på kven som har ansvaret for å samordne internkontroll for felles aktivitetar eller område, og korkje DC eller Wergeland har skriftleg risikovurdering av påverknad på ytre miljø knytt til arbeidet.

Påverknaden av plassering og bruk av mobilt knuseverk og trommel vart ikkje identifisert, og heller ikkje effekten av å laste frå kai 11.

DC Halsvik og Wergeland kunne ved tilsynet ikkje vise til ei skriftleg rutine for korleis dei skal handtere og har handtert klagene som dei har motteke i samband med planeringsarbeidet.



## 6. Merknader

### **Merknad 1: Det går uforholdsmessig lang tid mellom målt støy og tilgang på måledata**

Wergeland har set opp støymålarar i etterkant av at det er kome klagar på planeringsarbeidet. Under tilsynet gjekk det fram at det er ei forseinking på 3 dagar frå måling til ein kan sjekke opp i måleresultata. Det vere små endringar ein kan gjere for å redusere negativ påverknad for omgjevnadane. Samstundes vil etterslepet, utan ein god driftslogg, kunne gjere det vanskeleg å sjå innkomne klagar i samanheng med aktivitet.

## 7. Andre forhold

### **Reduksjon i tal målepunkt må søkast om**

Utslepp til vatn var ikkje kontrolltema under dette tilsynet. Vi fekk likevel informasjon om at verksemda har gått frå tre til to målepunkt for utslepp til vatn. I løyvet er det sett krav om tre utsleppspunkt, definert som 1. i sør, 2. rett N/utskipingsstad, og 3. i nord. Dersom verksemda meiner det er tilstrekkeleg med to målepunkt, ber vi om at de sender ei utgreiing av tilhøva og forklaring på kvifor de ønskjer ein reduksjon. Vi vil då vurdere ei endring av løyvet på dette punktet.

### **Behov for presisering av aktivitet og område som er regulert i løyvet**

Bruk av mellombels knuseverk i samband med planeringsarbeid for Wergeland har vist eit behov for å presisere kva område og aktivitetar som er omfatta av løyvet frå Statsforvaltaren. Der det viser seg at skaden eller ulempa ved forureininga blir vesentleg større eller annleis enn venta då løyvet vart gitt, har vi ein moglegheit til å endre aktuelle vilkår gitt i eit løyve, jf. forureiningslova § 18. Ei eventuell endring vil bli varsla som eiga sak.

## 8. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

## 9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Forurensningsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- Plan- og bygningslova
- Folkehelseslova
- Forskrift om miljøretta helsevern